

Rapport frå arbeidet i CEN/TC164/WG9 – Kjemikalie til handsaming av drikkevatt

Av Karl-Jan Ersta, Rådgivande Agronomar AS
og Dag Hongve, Nasjonalt Folkehelseinstitutt

Introduksjon

Noreg var vertskap for Arbeidsgruppe 9 (Vassverkskjemikalie) sitt 42. møte hos Standard Noreg på Lysaker 24. mai 2012. 23. mai var det på samme stad eit førehandsmøte for oppdragsgruppene som arbeider med desinfeksjonsmiddel (TG6) og kjemikalie for symjebasseng (TG11).

Møta 23. mai samla 7 ekspertar frå 5 land, hovudmøtet 25. juni 17 frå 6 land.

Hovudmøtet var prega av nøye gjennomgang av arbeidsstatus for WG9, vedlikehald av standardar gjennom 5-årsrevisjonar og start på innkomne nye arbeidstema, spesielt innan filtermateriale og nye symjebassengkjemikalie.

Ei arbeidskrevande endring er at EEC sitt Merke- og produktdirektiv av 27.06.1967 vert avløyst av EU-regulering (EC) nr. 1272/2008, med nye HMT-setningar sett ut livet pr. des. 2010. Nye kodar må leggst inn før CEN-høyring for både nye og reviderte standardar.

Al- og Fe-salt til flokkulering

TG2 har i 3 år vore under finsk leiing. I siste runde ved 5-årsrevisjonen for EN 890 (Fe(III)-sulfat i fast form) oppdaga Finland feil i likning 8.4.7:

Det må tilføyast sumparentes på denne måten: $(V_2C_2 - V_1C_1)$, og molmasse for H_2SO_4 må korrigerast til 98,03. Det skal undersøkast om det vert høve til å gjere tilføyingar i standarden som straks er klar til publisering, eller om ein må gi ut eit *Amendment*.

Piktogram skal kunne settast opp i ulike utval etter konsentrasjonar som skal brukast, men ein held seg førebels til transformasjon av gamle symbol.

Med tanke på assortert piktogramtilpassing vert ALFE-konsortiet oppmoda til å delta i TG2 for neste revisjon som ganske snart vil måtte komme.

Mange andre Al- og Fe-standardar må reviderast, utsett frå 2009, men trengst no så absolutt, fordi 2-3 år går med til arbeidet, og då fell ei slutføring saman med 10-årsrevisjon – altså langt på overtid.

For å påskunde revisjonsarbeidet vart det gjort vedtak om skriftleg røysting med frist 1 månad innan WG9 + 1 månad for aksept i TC164 for å starte revisjon.

NaCl til ionebytting og elektroklorering ved membranteknikk

prEN 16370 – NaCl (koksalt) for elektroklorering på stad ved bruk av membran-celler – var eit tema som kom opp for full diskusjon.

Det var motsetningsfylte kommentarar frå Tyskland og Frankrike på bromid, Ca, Mg og Mn i saltet. Det vart gjort endringar til 2 Gradar for ureinleik i NaCl. På førespurnad kom det fram at det var minst 3 tyske leverandørar av Grad 1, så det vert ikkje leverandørmonopol i Tyskland heller, jamvel om alt av Grad 1 ser ut til å måtte komme frå det landet.

Frankrike og Spania hevda fare for handelsbarrierar, fordi det berre er Tyskland som kan levere salt av Grad 1.

Når det galdt analysemetodikk, vart det slått fast at analyse av arsen skal følge metode med lågt deteksjonsnivå, metode som utgreidd i EN 14805 (deteksjonsgrense 0,2 mg/kg As).

Det må konsulterast med membran-leverandørane om tåleevne for metall-oksid.

Med desse endringane på Grad må det avgjerast ved intern, skriftleg røysting i WG9 om standardforslaget kan gå vidare til Formell røysting, eller om det må til 2. Teknisk høyring.

Svovel-, fosfor- og ammoniumsambindingar

Ti dokument er ute til UAP (samanslått Teknisk høyring og Formell røysting).

prEN 12174 Natriumheksafluorsilikat og prEN 12175 Heksafluorsilisium-syre vart vedtatt sendt til UAP.

Kalkprodukt

Det var halde møte i TG5 i Köln sist i april 2012, der det framfor alt vart gjort revisjonsarbeid for kalsiumkarbonat (prEN 1018), der ein gamal mangel vart korrigert i Normativt Anneks B: skille mellom porøs og ikkje-porøs kalsiumkarbonat v.h.a. BET-analyse (skille ved overflateanalyse). Det vart vedtatt å sende prEN 1018 til UAP.

prEN 936 var ferdig revidert, med normative krav til CO₂, CO og oljerest. Dei andre, svært små forureiningane vert ståande informativt i Anneks A. Dette er på line med utforming av krav til CO₂ for gassoppfrisking og pumping av fatøl.

prEN 12485 – Analysemetodar – må oppdaterast for brentdolomitt som har fått sin produktstandard, no på Teknisk høyring.

Desinfeksjonsmiddel

prEN 16037 Natriumhydrogensulfat går til publisering.

EN 900 Kalsiumhypokloritt manglar metode for bromatanalyse, og det vert undersøkt om metoden i EN 901 Natriumhypokloritt kan nyttast også i den kalsiumrike væska.

Vidare har det kome framlegg frå Tyskland om standardisering av AgCl

(sølvklorid) for å gjere drikkevatt i cisterner meir lagringsdyktig (førebyggingsmiddel – mot oppformering av bakteriar), og dette er å finne registrert som eiga gruppe i Biociddirektivet, i motsetnad til AgNO_3 (sølvnitrat) og Ag_2SO_4 (sølvulfat) som ikkje er følgd opp av den sveitsiske produsenten og vorte dekkja av dette direktivet.

Det vart vedtatt at TG6 tar over arbeidet med sølvsalt frå TG4. I den samanhengen vedtok ein at revisjon av EN 15030 skal gjerast med inkludering av AgCl . Pågåande UAP vert likevel fullført i mellomtida (aug. 2012), samtidig som ein opnar full og ny revisjon.

Skalldannings- og korrosjonshindrarar

Fire standardar må førebuast for UAP: polyfosfat, fosfoniske syrer og salt, polykarboksylsyrer og -salt, og monosinkfosfatløysing.

Frå Spania vil det komme inn nye kjemikalie for standardisering.

Organiske hjelpemiddel til koagulering

Fire standardar vil omfattast av revisjon gjennom UAP: anioniske og ikkje-ioniske polyakrylamid, polydiallyldimetylammoniumklorid, polyamin, og kationiske polyakrylamid.

Uorganiske støtte- og filtermateriale

Avgjort på høgt nivå i CEN – under siste TC164-møte – må prEN 16070 Naturleg zeolitt tilbake til restart grunna overskridne leveringsfristar.

prEN 13572 Mangandioksid er under Formell røysting.

Åtte standardar er under UAP: Jern(III)hydroksid og -oksid, ekspanderte aluminosilikat, pimpstein, antrasitt, granat, barytt, diatoméjord i pulverform, og pulverisert Perllitt.

EN 12911 Mangangrønsand (italiensk grønsandprodukt) må førebuast for UAP.

Kjemikalie for symjebasseng

prEN 16038 Natriumhydrogensulfat [WI 00164434] for bruk i symjebasseng har passert Formell røysting, og skal også til publisering.

Fem standardar er på CEN-høyring: hydrogenperoksid, salt for elektroklorinator, natriumtiosulfat, kaliumperokso-monosulfat og natriumperokso-disulfat.

Av dei ny standarddokumenta som må klargjerast for UAP, var det klart at ozon (prEN 15074rev) ikkje treng faktiske endringar no, men det vert gjort framlegg om automatisk fornying for 5 nye år i samband med UAP.

Når det gjeld forholdet til Biociddirektivet av 1998, skal det påpeikast at dette vert bytta ut mot EU-regulering, altså direkte inn i lovverk, 01.09.2013, og då skal også Bibliografisk referanse vert endra i standardar som dette vedkjem.

For øvrig følger etter kvart ytterlegare 4 standardar for 5-årsrevisjon:

- prEN 15513 : 2007 CO_2 (karbondioksid) – denne følger prEN 936 CO_2 for drikkevatt. Produsentar skal vere merksame på framsteg på lovgiving og teknisk område.
- prEN 15362 : 2007 Na_2CO_3 (dinatriumkarbonat) – det må gjerast oppdate-

ringar og korreksjonar i samsvar med CLP-direktivet (klassifisering, merking og pakking).

- prEN 15514 : 2007 HCl (saltsyre) – denne følger opp og bygger på prEN 939. Det må gjerast CLP-oppdateringar, innsetting av 2 piktogram med tilhøyrande faresetningar.
- prEN 15363 : 2007 Cl₂ (klor) – CLP-oppdateringar medfører at 2 piktogram skal innførast (daudningsvarsel og vassøkologisk varsel), som vald frå Anneks 6 i CLP-direktivet.

lonebyttar-resinar, chelaterte

Arbeidet går sakte framover.

Det var eit fellesmøte med TC164/WG3 (Materiale i kontakt med drikkevatt) i Karlsruhe for å samordne arbeidet.

Doseringsuhell med polykarboksylsyrer i Spania

Det vart opplyst frå spansk side at polykarboksylsyrer og -salt (EN 15039) som antiavleiringsmiddel for membranar i vassverk hadde vorte forbode i det landet grunna eit doseringsuhell som vart sett på som trugsom mot helse og tryggleik.

Monomerane av følgstoff (ureininger) i produktet er problemet – karsinogene eigenskapar (kreftfare).

Neste møte

Det 43. møtet i CEN/TC164/WG9 vert torsdag 23.05.2013 i Lyon, Frankrike, med Paris som reserve dersom møterom vert vanskeleg å oppdrive.